



RIKS
TEATRET

TUNG TIDS TALE

av Olaug Nilssen



TEATRET



KILDEN
TEATER OG
KONSERTHUS

DET
NORSKE
TEATRET



«Jeg tror boka kan bidra til å gjøre noe med hvordan vi behandler pårørende. Det vil igjen bety noe for barna.»

Erna Solberg

Kjære publikum -

Vi teaterfolk let oss lett engasjere. Det er jobben vår. Det er innleving vi lever av. Vi skal gjere andre menneske sine liv og historier levande og tilgjengelege for publikum. Uten at vi sjølve vert gripne, kan vi heller ikkje bevege publikum.

Nokre gongar har engasjementet vårt eit dagsaktuelt utspring. Slik er det med framsyninga i kveld. Og i dette tilfellet er vi til overmål tre teater som har lete oss bevege til eit felles prosjekt.

Då romanen til Olaug Nilssen kom ut vekte han rettkomen oppsikt. Med rein og klår stemme fortel ho ei sterk historie.

Det er rettnok eit unntaksliv ho fortel om: Mora i romanen er blitt råka av ein lagnad svært få får oppleve, og det er ein lagnad som er *livsombeltande* - ho og familien må tre inn i eit heilt anna liv enn kva dei nokon gong hadde kunna sjå føre seg. Men – noko tilsvarande kan sjølvstgått råke kven som helst og når som helst, og sånn sett har vi alle eit fellesskap med denne mora. På same måte som helten i den klassiske tragedien møter ein lagnad som vi opplever både unik og allmenngyldig.

Det verkeleg allmenngyldige i *Tung tids tale* ligg likevel ikkje i mora sin kamp med ein ekstrem

livssituasjon – sjølv om dei mange basketaka med det offentlege, med *systemet*, nok vil vere gjenkjenneleg for mange. Og både opprørande og engasjerande. Nei. Det ligg i forteljinga om evna til å elske. Denne grenseoverskridande eigenskapen vi menneska har, kjærleiken – kor mye toler han, kor langt når han? I dette handlar historia til Olaug Nilssen om kreftene som gjer seg gjeldande sjølv i den aller enklaste kvardagen. Det er berre så mange gongar forsterka hos henne.

Opprinneleg hadde eg engasjert Marit Moum Aune til å gjere eit heilt anna stoff, men då ho foreslo *Tung tids tale* i staden blei møtet med denne boka så sterkt at alle vi tre involverte teatersjefane endra på repertoarplanar som for lengst var lagt, og bestemte oss for at vi ville gjere boka til teater, no. Ho vakte den typen engasjement som ein strengt tatt bør finne att i alle framsyningane vi byr publikum.

På vegner av alle oss ved Riksteatret, og kollegaene våre ved både Det Norske Teatret og Kilden Teater, ønskjer eg derfor publikum over heile Noreg velkomen til ei framsyning vi er spesielt stolte av å kunne presentere.

Ho handlar om liv som vert levd i Noreg i dag.



A handwritten signature in black ink that reads "Tom Remlov".

Tom Remlov
Teatersjef



«I *Tung tids tale* skildrer Olaug Nilssen på en rå, rørende, raus og varm måte hvordan det er å leve med et autistisk barn. Med sin fortelling gir hun stemme til mennesker i en krevende situasjon, og gir oss alle innsikt i hvor viktig det er at vi har gode velferdsordninger som kan gi støtte og avlastning der dette trengs.»

Jonas Gahr Støre

Tung tids tale

Det heiter ikkje: eg – no lenger.
Heretter heiter det: vi.
Eig du lykka så er ho ikkje lenger
berre di.
Alt det som bror din kan ta imot
av lykka di, må du gi.

Alt du kan løfte av børa til bror din,
Må du ta på deg.
Det er mange ikring deg som frys,
ver du eit bål, strål varme ifrå deg!

Hender finn hender, herd stør herd,
barm slår varmt imot barm.
Det hjelper da litt, nokre få forfrosne
at du er varm!

Halldis Moren Vesaas

KLAR TALE

Brit Aksnes møter Olaug Nilssen og Marit Moum Aune

Då Olaug Nilssen skreiv si kritikarrote bok *Tung tids tale*, var det ikkje med tanke på at ho skulle framførast på scena. Den tanken var det regissør Marit Moum Aune som kom med.

– Eg tenker ikkje så mykje konkret på kva eg ser for meg, men eg tenker på dei som ikkje er så glad i å lesa bøker – det er ikkje alle som får til å setta seg ned å lesa. Dei må eg nå fram til. Teateret er ein plass for alle, der me kan peika på kva me synst er viktig i historia, seier Moum Aune.

Den prisløna regissøren er van med å ta styring. – Eg var ungdomskontakt for Trøndelag Teater samtidig som eg var elevrådsleiar på Katta, noko som førte til at fleire hundre elevar meir eller mindre vart utkommandert til å gå på teateret! For meg og mange var teaterbesøk ein integrert del av oppveksten. Så eg hadde i grunnen berre eit mål då rådgjevaren på gymnaset spurte meg kva eg kunne tenka meg å bli: "Eg vil bli regissør!"

Som sagt, så gjort. Moum Aune er i dag ein av våre mest produktive og etterspurte regissørar med oppdrag for TV, film, ballett og teater, sist med stykket *Engler i Amerika* på Nationalteatret.

I 2005 kom ei bok som skulle selja tusenvis av eksemplar og begeistra lesarar i alle aldrar. Marit Moum Aune hadde fått tildelt fri tumleplass på Det Norske Teatret i Oslo og så snart ho las *Få meg på, for faen* tenkte ho at det var akkurat det ho ville gjera – få Olaug på. I Bergen sat Olaug Nilssen, nyslått bestseljande forfattar om noko så usannsynleg som ei overkåt tenåringsjente frå ein plass kalla Skoddeheimen. Då telefonen frå Marit kom, var Olaug uførebudd.

– Eg hadde faktisk fått fleire førespurnader frå Det Norske Teatret, men følte ikkje at eg eigna meg for drama. Så plutselig ringer Marit og på ein-to-tre hadde eg sagt ja til både *Få meg på, for faen* og til å vera manusforfattar på Bjørn Eidsvåg-musikalen *Skyfri himmel!* Det var brå innføring i drama, får ein seie. Eg hadde ikkje noko særleg forhold til teater, eigentleg. Eg kjem frå Solheimsdalen som ligg eit par mil utanfor Førde, så eg kjente jo til teaterbåten Innvik som kom med stykke sett opp av Sogn og Fjordane Teater, men det gjekk helst i slikt som *Gummi-Tarzan*, utan at det var noko gale i det. Eg vart vel mest overtydd av denne trønderdama som var så utadvendt og engasjert. Sjølv var eg ganske forsiktig, så ein kan trygt seie det var to ulike personlegheiter som treftest den gongen for snart tretten år sidan.

Romanen *Tung tids tale* er nok ein heidundrande suksess for Olaug Nilssen, både med flust av gode bokmeldingar og den høgthengande Brageprisen. Denne gongen skriv ho om eit tema som ligg henne ekstra nære. Heilt fram til sonen Daniel var tre år gamal, prata, lo og song han som andre små gutar. Men så slutta snakkinga, latteren vende seg innover. Korleis blir livet når barnet ditt gradvis forsvinn inn i seg sjølv? I snart ti år har Olaug og mannen kjent på det å vera overletne til eit byråkrati og helsesystem som byr på frustrasjonar av uante dimensjonar. Kor tett til boka skal teateret vera? Moum Aune fortel at problemet tidlegare har vore at ein legg strenge litterære føringar på dramatikarane mens det er historia som bør vera viktigast. – La forfattarane skriva historiene, så tek vi oss av

"Ho riv av plasteret før såret har grodd."

resten, seier ho. – Vi kan gjera ALT på teateret! sa eg til Olaug. Det same har vore hovudideen bak *Tung tids tale*.

–Olaug har mot til å stå framstå blottlagt, slår Moum Aune fast. – Ho avdekkar dei mest primitive kjenslene – ikkje på noko tillært vis, men på ein ærleg og brutal måte. Gjennom heile forfattarskapen sin har ho gått laus på tabubelagte tema og avslører det primitive i oss. Dette gjer ho på ein avansert, men tilgjengeleg måte, det er det som er så genialt. Ho riv av plasteret før såret har grodd. Det er interessant for oss i teateret, for det er vår jobb og kle av og visa kva som er under kledda. Det er ikkje eit vakkert syn å ha sånne problem som karakterane her har, men det er gjenkjennelege menneske med sine svake og sterke sider. Karakteren Olaug i *Tung tids tale* er på mange måtar ein antihelt, seier Moum Aune.

Olaug Nilssen har studert litteraturvitskap og gått Skrivekunstakademiet. Likevel har ho lagt frå seg mange av dei litterære finessane og språklege krumspringa i *Tung tids tale*.

– Eg har ein sterk akademisk identitet, noko som kjem klarast fram i andre boka mi, *Vi har så korte armar*. Den har også Marit sett opp, og eg hugsar ho til dels var frustrert over språket her! Med *Tung tids tale* ville eg kommunisera så direkte og tydeleg som råd er. Dette stoffet må ut til alle. Moum Aune fortset entusiastisk resonnementet til Nilssen.

– Og det er her ho er så interessant, og boka så langt meir kompleks enn det ved fyrste augekast ser ut som. Hovudpersonen står fram som både usympatisk, kranglete, rasande til tider – men det er denne frustrasjonen alle kan kjenna seg

att i, om dei ikkje sjølv har vore akkurat i den situasjonen, seier Moum Aune.

– Ofte kan dei enkle replikkane i eit stykke sjå banalt ut på trykk. Til og med Henrik Ibsen kan sjå banal ut! Men så blir det sett i scene, og så fungerer det så til dei grader. Det treng på ingen måte vera hyperlitterært, tvert imot. Og det er det som er så dritbra med *Tung tids tale*!

Ho har saman med dramatikarar jobba fram manus basert på forfattarar som Dag Solstad, Erlend Loe, Linn Ullmann, Vigdis Hjorth og Sigrid Undset. Ho kan overgangen bok til scene. Olaug Nilssen sin forfattarskap har ho fulgt frå fyrste boka fram til i dag. Mest av alt er Moum Aune redd for å skuffa Nilssen. Nilssen på si side vil leggja så lite føringar som råd er, og får skryt av regissøren for å vera lydhøyr og lite kontrollerande. Leseøktene i forkant saman med skodespelarane og meddramatikar Toril Solvang opnar også for gode innspel. Alt som betyr noko no er at *Tung tids tale* skal treffa publikum like godt som boka har treft lesarane, om ikkje betre.

– Kvar gong Marit har sett opp bøkene mine har eg vorte overrumpla over magien som oppstår når teksten blir overført på denne måten. Tekst er noko heilt anna. Plutselig har dei gjort nokre grep, brukt dei verkemidla som dei har med lys, lyd og musikk. Og ikkje minst skodespelarane, den dedikasjonen dei legg ned er fantastisk. Eg har kjent meg privilegert når eg har sett resultatata, seier Olaug. Nærleiken som oppstår i prosessen frå bok til scene kan merkast tydeleg. Tilliten til regissøren er stor, respekten dei to i mellom likeins. Og all den tid dei talar saman, kjennest langt frå tung.

«Det finnes plutselig frigjørende øyeblikk: Når noe sier noe som er sant om det som er så veldig vanskelig å snakke om. Med *Tung tids tale* gjør Olaug Nilssen akkurat det.»

Andreas Wiese





«Olaug Nilssen har gjort og gjør en formidabel innsats for at vi som både samfunn og enkeltmennesker får økt forståelse for hva det vil si å ha et barn med særskilte behov. Hun setter ord på det slitsomme, såre og rasende en slik livssituasjon fører med seg.»

Trine Skei Grande

Voggesang for ein bytting

Bysse bysse stort stygt barn.
Troll blir du kalla med rette.
Digraste gryta må hengast i jarn
om du skal få din mette.
Vogga du ligg i er snart for trang,
du kavar og skrik og vil opp i mitt fang.
Tung er du, tung – og natta blir lang
for den som må bysse ein bytting.

Du er ikkje barnet mitt,
men eitt som er på meg tvinga.
Mitt barn var lite og vakkert og blidt,
og vermdde så mjukt mot bringa.
Alle som ser deg, gir meg det råd
at eg burde plage deg, lugge og slå,
så vart du vel henta, så kunne eg få
tilbake det barnet eg miste.

Bysse bytting stor og stygg
-sjå ikkje såleis på meg.
Eg skal ikkje slå deg, ver du trygg,
og ingen skal ta deg frå meg.
Den andre er kvarmanns gull der han er,
men du, du er hata av alle her,
så trengst det da visst at eg har deg kjær.
– No trur eg du endeleg sovnar...

Halldis Moren Vesaas




«En vond, vakker og viktig bok, blir helt sikkert
vondt, vakkert og viktig teater.»

Bjørn Eidsvåg



«Ludwig Wittgenstein skriver: Ord er handlinger.
Tung tids tale illustrerer hans poeng.»

Vigdís Hjorth



TUNG TIDS TALE

av Olaug Nilssen

Dramatisert av Toril Solvang, Marit Moum Aune og Olaug Nilssen

PÅ SCENA
Jon Bleiklie Devik
Siren Jørgensen
Marianne Krogh
Julie Moe Sandø

TEAM
Regissør
Marit Moum Aune
Scenograf
Even Børsum
Lyddesignar
Nils Wingerei
Lysdesignar
Ola Bråten
Dramaturg
Toril Solvang
Maskedesignar
Tonje Lie
Koreografisk assistanse
Silas Henriksen
Regiassistent
Charlotte Frogner
Produsent
Emnet Kebreab
Produksjonsassistent
og sufflør
Rasmus Ofstad Feidje
Inspisient og turnéleiar
Ole Lillo-Stenberg

TURNÉTEAM
Oppsetjingsleiar
Roger Torsteinsen
Lysmeister
Inger Johanne Byhring
Lydmeister
Morten Haug Serigstad
Rekvisitør
Ina Sæther Berger
Kostymeansvarleg
Marianne Kjølstad /Ada
Hetland Solbakken

MUSIKK
«Styggtrot»,
«Olaugs Drone» og
«Phone Transition»
av Nils Wingerei.
«Mjød» av Kvelertak.
«Clair De Lune» og
«Rêverie» av Claude
Debussy. «Bass&Bones»
av Kristoffer Tømmer-
bakke og Erik Smaaland.
Private optak av Daniel.

Speletid ca. 1 time 30 minuttar

Urpremiere på Riksteatret i
Nydalén 24. august 2018

Turnépremiere i Kilden
29. august 2018.

Turné til 50 stader med Riksteatret. Blir spela på Det Norske Teatret våren 2019.
Ein samproduksjon mellom Riksteatret og Det Norske Teatret i samarbeid med Kilden Teater.
Foto: Erik Berg.



«Vi trenger å møte mennesker i alle tre dimensjoner, i høyde, dybde og bredde. Olaug Nilssen gir oss i sin fortelling nettopp det: hele, komplekse, vanskelige, vanlige, uvanlige, unike mennesker, som vi kan kjenne oss igjen i, speile oss i og lære av.»

Henrik Syse



Svar på hyppig stilte spørsmål om autisme

av Camilla Stoltenberg og Alexandra Havdahl, Folkehelseinstituttet

Dei seinare åra har vi sett ein sterk auke i karakterar med autistiske trekk i bøker, TV og film, slike som Saga Norén frå *Broen*, Sam Gardner frå *Atypical* og Sheldon Cooper frå *Big Bang Theory*. Felles for mange av desse karakterane er at dei har spesielle særtrekk i åtferd, reaksjonar og interesser, men har avansert språk og er gåverike med særskilte evner. Dette er en overrepresentasjon av menneske fra den høgast fungerande enden av autismespekteret og kan derfor risikere å gje eit skeivt og idylliserande bilete. *Tung tids tale* er eit vesentleg bidrag til mer nyanserte, fleirfaldige og sannferdige skildringar av kva autismespekterforstyrning kan innebere.

Kva er autisme?

Autisme er ei gruppe utviklingsforstyrningar som påverkar hjernen si utvikling og som er kjenneteikna av vanskar med å kommunisere og samhandle sosialt, i tillegg til repeterande interesser og åtferdsmønster.

Kva meiner ein med autismespekterforstyrning?

Autisme vert omtala som ei spekterforstyrning fordi symptoma viser seg på ulike måtar og i varierende grad. Til dømes viser somme lite sosial interesse og kan verke som dei er "i si eiga verd", medan andre gjerne vil vere i sosial aktivitet med andre menneske, men strevar med å tolke sosiale situasjonar og tovegs kommunikasjon. I tillegg har somme lite språk og generelle vanskar med å lære, medan andre har avansert språk og

intellektuelt funksjonsnivå. Diagnosekategorien autismespekterforstyrning omfattar barneautisme ("klassisk autisme"), Aspergers syndrom, atypisk autisme, uspesifisert gjennomgripande utviklingsforstyrning og disintegrativ forstyrning.

Kor utbreidd er autismespekterforstyrning i befolkninga?

Ny forskning viser at omtrent 1 av 100 barn har ei autismespekterforstyrning. Dei seinare åra har det vore stor auke i talet på barn som får ein diagnose i autismespekteret. I hovudsak ser det ut til at auken skuldast at diagnosekriteria er blitt breiare og at fleire som strevar med autismesymptom vert oppdaga, spesielt blant barn med normalt språk og intellektuelle evner.

Er autismespekterforstyrning smittsamt? Nei.

Er det fleire gutar enn jenter som har autismespekterforstyrning?

Ja, det er omtrent fire gutar for kvar jente som får ein diagnose i autismespekteret. Vi veit ikkje kvifor det er så stor kjønnskillnad. Forskning viser at noko av grunnen kan vere at jenter er meir motstandsdyktige mot genetiske risikofaktorar for autisme. Det kan også vere vanskelegare å fange opp autismespekterforstyrning hos jenter fordi symptoma ofte trer fram litt annleis enn hos gutar. Til dømes har mange av jentene mindre synleg repeterande åtferd og interesser.

Er det vanleg at barn i autismespekteret mistar ferdigheiter dei tidlegare hadde?

Disintegrativ forstyrring er ei form for autisme med normal utvikling i alle fall fram til toårsalderen etterfølgd av et omfattande tap av ferdigheiter som resulterer i autisme og ofte lågt generelt funksjonsnivå. Ein slik dramatisk tilbakegang i utvikling er heldigvis sjeldan (1-2 per 100 000 barn), også blant barn med autismespekterforstyrring. Derimot er det ei relativt stor gruppe barn i autismespekteret som har mindre uttalte tap av språklege eller sosiale ferdigheiter i løpet av dei første leveåra, særleg mellom eitt- og toårsalderen. Dei kan til dømes slutte å seie ord dei tidlegare har sagt jamleg, slutte å reagere på namnet sitt eller miste interessa for å leike med andre barn.

Kor tidleg kan ein oppdage teikn på autismespekterforstyrring?

Symptoma trer fram oftast i småbarns- eller førskulealder, men vert av og til ikkje oppdaga før skulealder når krava til kommunikasjon og sosial samhandling blir større.

Teikn på autisme hos små barn kan vere at barnet i liten grad reagerer når ein snakkar til det, gjev lite blikkontakt, ikkje gjengjelder smil, tar lite initiativ til å dele interesse ved å vise fram eller peike på ting, ikkje hermar etter andre, viser lita interesse for andre barn eller har sein språkutvikling. Tap av språk eller sosiale ferdigheiter er «raude flagg» som raskt bør leie til ei vurdering av barnet si utvikling.

Korleis stiller ein autismespekterdiagnose?

Det finst ingen einskild test som kan påvise autismespekterforstyrring. Diagnosen vert som regel stillt i spesialisthelsetenesta på grunnlag av ei brei kartlegging av utviklingshistorie, språkleg og generelt evnenivå, medisinske forhold og fungering i ulike situasjonar som heime med foreldre, i klinikken og i barnehage, skule eller jobb.

Kva skuldast autismespekterforstyrring?

Der er ingen enkeltstående årsak til autismespekterforstyrring. Vi veit at genetisk sårbarheit betyr mykje. I nokre få tilfelle kan ein påvise ein genfeil som kan forklare symptoma, men dei fleste tilfella ser ut til å skuldast ein kombinasjon av genetiske, miljømessige og andre ukjende faktorar. Det er mykje vi framleis ikkje veit om årsaker til autismespekterforstyrring, men forskinga har vist klart at det ikkje skuldast oppseding, sosiale faktorar eller MMR-vaksine.

Er autismespekterforstyrring ein livsvarig diagnose?

Studiar som har følgd opp barn med autismespekterforstyrring i vaksen alder viser at dei fleste utvikla seg i positiv retning, men hadde framleis betydelege vanskar med kommunikasjon, sosialt samspel og repeterande åtferd. Likevel ser det ut til at omtrent 1 av 10 fungerer så godt i vaksen alder at dei ikkje lenger fyller kriteria til diagnosen. (forts.)

Finst det behandling for autismspekterforstyrning?

Det finst ingen "kur" for autismspekterforstyrning, men tilpassa opplæring og tilrettelegging er knytt til betring i symptom og funksjonsnivå. Ein tilrår at slike tiltak vert sette i gang så tidleg som mogleg for å gje størst mogleg utbyte og hindre andre typar skeivutvikling. Det er ingen legemiddel som verkar på autismsymptom, men det finst legemiddel som verkar på tilleggsvanskar som til dømes epilepsi eller ADHD (forstyrning av aktivitetsnivå og konsentrasjon).

Kva kan eg gjere dersom eg er uroleg for at barnet mitt har autisme?

Ved å ta kontakt med fastlege eller helsestasjon kan ein få råd og eventuell tilvising til spesialisthelsetenesta for ei utgreiing av autismspekterforstyrning. I tillegg kan føresette på eiga hand, gjerne i samarbeid med barnehage eller skule, vende seg til pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) for ei vurdering av om barnet har behov for støtte i barnehage eller skule.






«Også midt i livets største alvor ser Olaug Nilssen
det pussige og komiske i oss mennesker. *Tung tids*
tale er både alvorlig og lattervekkende.»

Guri Solberg

Siren Jørgensen


er utdanna ved Statens Teaterhøgskule og har vore tilsett ved Teatret Vårt i Molde og Den Nationale Scene i Bergen, der ho har hatt ei rekke sentrale roller. Jørgensen har gjesta Folketeateret, Oslo Nye Teater, Sogn og Fjordane Teater og Riksteatret.



Marianne Krogh


er utdanna og fast tilsett ved Det Norske Teatret der ho har spelt i ei rekke framsyningar. Blant anna har ho spelt i *EDDA, Draum om våren*, og *Olaug Nilssens Vi har så korte armar* og *Få meg på, for faen*, som Krogh ble nominert til Heddaprisen for. Ved Riksteatret har ho medverka *Romeo* og *Julie i Sarajevo*.



A photograph of Julie Moe Sandø lying on a dark, diagonal beam. She is wearing a dark, form-fitting top and pants. Her body is lit from the side, highlighting her musculature. She is looking towards the camera with a neutral expression. The background is dark and indistinct.

Julie Moe Sandø

er utdanna frå skodespelarlinja ved Göteborgs Universitet, Högskolan för scen och musik og er i dag tilsett ved Det Norske Teatret. Sandø har tidelegare jobba med Marit Moum Aune i *Halve Kongeriket* og våren 2016 var ho aktuell med *11 ÅR* på Det Norske Teatret. Dette er hennar første turné med Riksteatret.

A close-up photograph of Jon Bleiklie Devik. He has a beard and is looking slightly to the left of the camera. He is wearing a light-colored polo shirt. The background is dark and out of focus.

Jon Bleiklie Devik


er utdanna ved Statens Teaterhøgskule og har tidlegare jobba ved Den Nationale Scene og Oslo Nye Teater. I dag er han fast tilsett ved Det Norske Teatret der han dei siste åra har medverka i mellom anna *Antigone*, *EDDA* og *11 ÅR*. Jon har vore på turné med Riksteatret tidlegare då han medverka i *Hamlet*.

Treng du å snakke med nokon i ein liknande situasjon som deg?

Autismeforeningen i Norge er til for at barn og vaksne med autisme, foreldre og andre pårørande skal få hjelp og dele kunnskap og erfaringar med kvarandre. Foreininga har medlemmer over heile landet og medlemslag i alle fylke. Dei arrangerer turar og arrangement og ønsker å vere ein ressurs for mange. Kanskje finst det eit lokallag nær der du bur? Les meir og sjå oversikt på autismeforeningen.no.

«Tung tids tale er en sterk og ærlig bok som beskriver en tilværelse de aller fleste ikke kan fatte. Boken har hjulpet mange til å tørre å sette ord og løfte på sløret rundt hvordan det er å leve i en og med en familie med annerledeshet, og ikke minst styrke til å fortsette, både i hverdagen og for rettigheter som også de aller fleste tror er en selvfølgelighet!»

Annette Drangsholt, Autismeforeningen



«Ei sterk og vakker
bok som opnar rommet for ein friare
samtale omkring dei mest
funksjonshemma blant oss.»

Lars Amund Vaage

«En av de sterkeste kjærlighetshistoriene
jeg har lest. Vond, vakker og viktig.»

Solveig Kloppen

«Det nøkterne og presise språket ber ei
sterk historie om kjærleik og kamp, og det
bidreg til å gjera teksten allmenn og viktig.»

Åse Wetås

www.riksteatret.no

Følg oss på sosiale medier #riksteatret

24.08 Oslo, Nydalen

29.8 Kristiansand

30.8 Kristiansand

31.8 Kristiansand

1.9 Kristiansand

3.9 Kristiansand

4.9 Mandal

5.9 Flekkefjord

6.9 Egersund

8.9 Sandnes

9.9 Haugesund

10.9 Stord

11.9 Os

13.09 Sogndal

14.09 Førde

15.09 Fjalerfestivalen

17.09 Sandane

19.09 Ålesund

20.09 Oppdal

21.09 Melhus

22.09 Røros

24.09 Orkanger

25.09 Verdal

26.09 Stjørdal

27.09 Steinkjer

28.09 Namsos

5.10 Drammen

6.10 Vikersund

7.10 Ål

8.10 Fagernes

9.10 Gjøvik

10.10 Lillehammer

12.10 Elverum

13.10 Askim

15.10 Jessheim

17.10 Fredrikstad

19.10 Nøtterøy

20.10 Horten

21.10 Seljord

22.10 Skien

23.10 Arendal

25.10 Risør

26.10 Grimstad

28.10 Halden

29.10 Larvik

30.10 Hamar

1.11 Kongsvinger

4.11 Notodden

5.11 Sandefjord

På Det Norske
Teatret våren 2019
Nypremiere 26. januar 2019

DNB